

## Sak 3 Årsmelding 2023



## Årsmelding Sogndal SV 27. januar 2023 - 23. januar 2024

### Styret

Styret det siste året har vore:

**Leiar:** Steinar Øydvin,

Mari Aune

**Nestleiar:** Hanne Sæbø

Andreas Liheim

**Styremedlemer:**

1.vara: Richard Ngombe (til juni 2023)

Vibeke Johnsen

2.vara: Marte Lange Vik

Kjell Einar Barsnes

3-vara: Gerd Laila Ræstad

Tone Einelia

**Revisor:** Jan Sigurd Haugen

### Årsmøtet 2023



Årsmøte og nominasjonsmøte 2023 vart avhalde 26.januar på Leikanger Fjordhotell. 13 stk var tilstades på nominasjonsmøtet og 15 på årsmøtet. Nominasjonsmøtet vedtok ei liste med 37 namn og med Vibeke Johnsen og Anna Hamre som dei to kumulerte. Leiar i nominasjonsnemnda var Ingrid Syse.

### Valnemd

Årsmøtet valde denne valnemnd: Anna Hamre, Tone Skjerdal, Aud Kari Isane og ein representant frå SU. I januar 2024 ba Anna Hamre om fritak og Elise Aardal gjekk inn i valnemnda.

### Styrearbeid

Det har vore 7 styremøte i perioden – 4 våren og 3 hausten. Fleire av desse møta har vore på teams. Styremøta har vore felles for styret og SV-gruppa i forkant av formannskapsmøta. Styret har sendt ut 16 medlemsbrev med informasjon om aktiviteten i lokallaget, fem av dei i samband med valkampen. Richard Ngombe trekte seg frå vervet som 1.vara våren 2023.

## Medlemmar

Sogndal SV hadde 101 medlemmar 06.01.2023. Det vart registrert 11 nye medlemmer i 2023, 7 av desse i etterkant av valkampen. Målet om 100 medlemmar har Sogndal SV hatt som mål etter samanslåinga av lokallaga, i år nådde me målet!

## Møte og anna arbeid

- 6.2 Sogndal SV - gruppe og styremøte
- 11.-12.2- Vestland SV - fylkesårsmøte Bergen - Steinar, Vibeke, Andreas og Anna
- 13.2 Sogndal SV - Lars Haltbrekken, Vite Meir
- 20.2 Vestland SV - landsmøtedelegasjon - Vibeke, Steinar
- 1.3 Sogndal SV mfl - solidaritetsmarkering Fosen
- 6.3 Vestland SV - landsmøtedelegasjon - Vibeke, Steinar
- 13.3 Vestland SV - landsmøtedelegasjon - Vibeke, Steinar
- 17.-19.3 - SV - Landsmøte - Vibeke, Steinar
- 20.3 Sogndal SV – gruppe og styremøte
- 24.4 Sogndal SV - gruppe og styremøte
- 1.5 Sogndal SV, LO og Ap - markering 1.mai
- 30.5 Sogndal SV - gruppe og styremøte
- 22.6 Sogndal SV - sommaravslutning i Fjøregeili
- 8.8 Sogndal SV - gruppe og styremøte
- 21.8 Sogndal SV - valkampopning m/Kirsti Bergstø
- 11.9 Sogndal SV mfl - valdagssamling Sogndal hotell
- 23.9 Sogndal SV m fl - Sogndal Pride
- 2.10 Sogndal SV - gruppe og styremøte
- 4.11 Sogndal SV m.fl -markering humanitær hjelp til Gaza
- 6.11 Sogndal SV - Frå Alta til Fosen – ope møte Sogndal bibliotek
- 27.11 Sogndal SV - gruppe og styremøte
- 26.11 Sogndal SV m fleire - solidaritetsmarkering Palestina
- 5.12 Sogndal SV - gruppe og styremøte
- 30.12 Sogndal SV m.fleire - fredsmarkering Gaza



## Representasjon:

Fylkestyret: Vibeke Johnsen

Folevalansvarleg: Vibeke Johnsen

1.vara Fylkestinget og 1.vara hovudutval kultur, idrett og integrering: Aud Kari Isane

1.vara hovudutval Næring og 6.vara fylkestinget: Steinar Øydvin

## Etter valet 2023

2.vara fylkestinget og 2.vara hovudutval kultur, idrett og inkludering: Anne Skaar

2.vara hovudutval for næring: Steinar Øydvin

## Informasjonsarbeid / Media

Desse oppslaga har vore i SognAvis (Porten):

12.2.23	- Politkarane fekk sjå barnehageplanane-	Vibeke Johnsen
13.2.23	- Spørsmål frå SV i skulesaka	- Mari Husabø og Vibeke Johnsen
17.2.23	- Varaordførar stemde mot fleirtalet	- Vibeke Johnsen
24.2.23	- Solidaritetsmarsj i Sogndal	- Vibeke Johnsen
8.3.23	- Varaordførar legg seg flat	- Vibeke Johnsen
18.3.23	- Vi held pusten heile tida	- Vibeke Johnsen
22.4.23	- SV vil oppretta klassen som manglar	
1.6.23	- Oddbjørn Bukve til minne	- Steinar Øydvin og Vibeke Johnsen
11.6.23	- Sal av Solhov	- Vibeke Johnsen
12.6.23	- Omstridt buareal	- Vibeke Johnsen
13.6.23	- Vibeke stod i spissen då landstinget	- Vibeke Johnsen(Porten)
19.6.23	- Omsorgstrappa i Sogndal kommune	- Vibeke Johnsen
20.6.23	- Vibeke får ny arbeidsgjevar	- Vibeke Johnsen
7.7.2023	- Siste biten av Fjordstien	- Vibeke Johnsen
3.8.23	- Vibeke ser Noreg frå sykkelsete	- Vibeke Johnsen (Porten)
25.8.2023	- Skal busetja fleire flyktingar	- Vibeke Johnsen
6.9.2023	- Leikanger – Hella	- Vibeke Johnsen
9.9.2023	- Yvonne vart løfta opp av	- Yvonne
10.9.2023	- Småbarnsmora Lina kan spare	- Vibeke Johnsen og Anna Hamre
12.9.2023	- Det nye kommunestyret	- kom.st.gr
10.10.2023	- vemodig å gje frå seg ordførarkjede	- Vibeke Johnsen
22.10.2023	- kaotisk ved bøsseutdeling	- Vibeke Johnsen
29.10.2023	- Gigantutbyggin i Sogndal	- Vibeke Johnsen
19.11.2023	- braka laust ved val av eldreråd	- Vibeke Johnsen og Inga Henjum Halsnes
24.11.2023	- Vil prøva ut auka grunnbemanning	- Vibeke Johnsen
2.12.2023	- kringel ordførar kom.dir	- Vibeke Johnsen
17.12.2023	- Brått stod heile kommunestyre rundt	- Vibeke Johnsen
22.12.2023	- Fråsegn om brislingfiske	- Vibeke Johnsen
4.1.2024	- Full støtte til pilotprosjekt	- Vibeke Johnsen

Totalt tal oppslag 29 oppslag i Sogn Avis og 8 i Porten

På **facebook**sida er det 6.januar 2024 968 fylgjarar.

Heimesida til lokallaget sogndalsv.no vart nytta til og med valet i haust. I november fekk lokallaget løyve til å nytta sogndal.sv.no. Den sida er under etablering.

## Økonomi –

Sogndal SV har ein god økonomi, og har difor kunne investera i noko nytt utstyr i samband med valkampen. SV har nytt godt av partiskatten laget har fått fordi Vibeke Johnsen har vore varaordførar. I dei komande åra vert partiskatten monaleg mindre og den eigenkapitalen laget har opparbeidd vil kunna koma godt med. LO Sogn og omland løyvde og støtta SV i valkampen.

## Val 2023

Styret har hatt ansvaret for valkampen. Anna Hamre, Vibeke Johnsen, Andreas Liheim og Ole Marius Folkestad hadde ansvaret for valkampprogrammet.



### Valkampmarkering

21.8 hadde SV valkampopning med SV-leiar Kirsti Bergstø, fylkestopp Marthe Hammer og musikkinnslag ved Lena Skjerdal og Inge Ronny Kvåle

### Standsaktivitet

Ansvaret for standsaktiviteten har vore fordelt slik: Ingrid Syse – Kaupanger, Steinar Øydvin – Sogndal, Anna Hamre – Leikanger og Hanne Sæbø – Balestrand

Lokallaget hadde stand frå 12.august torsdagar og laurdagar tilsaman 9 gonger i Sogndal, 6 på Leikanger, 5 i Balestrand, 2 på Kaupanger og ein i Fjærland. SV-ele var svært populært



### Debattar og andre arrangement

Det vart arrangert fleire debattar, Anna Hamre deltok i NRK sin Sogndalsdebatt, medan Vibeke Johnsen deltok ved fleire høve.

Steinar Øydvin deltok i eit arrangement av Bondelaget. Måndag 4.spetember var alle tre toppkandidatane til Vestland SV på besøk: Marthe Hammer, Åsmund Berthelsen og Marianne Sæle. Dei tre hadde m.a. besøk hjå Lerum og Vite Meir. Vibeke vitja barnehagar i kommunen og var m.a. på bedriftsbesøk hjå Balestrand hotell og Dragsvik Fjordhotell. Det vart og arrangert møte med styreleiar i Kunstbygda Balestrand.



### Facebook

Det har vore mykje aktivitet under valkampen,

men minimum to

Oppslag kvar veka. M.a. vart fleire av våre folk presentert med overskrifta **Difor røystar eg SV.**

### Vurdering av arbeidet

SV gjorde ein god valkamp og nådde nesten målet om 12% (11,8%). Me har og endeleg nådd målet om 100 medlemar – det er ein milpæl for det nest største lokallaget i Vestland! SV er synleg, ikkje minst takka vera varaordførar dei fire siste åra, Vibeke Johnsen. Dei gode tilbakemeldingane me får frå samarbeidspartnarane våre er gode å ta med seg!

Styret vil takka alle som var med og bidrog i valkampen med godt oppmøte på stand, ikkje minst takk til ungdomen og SU!

### Oddbjørn Bukve til minne

Det var med stort vemod me mottok budskapet om Oddbjørn Bukve sin bortgang 21.mai. Han var ein bauta i SV-arbeidet i ein mannsalder. Me lyser fred over hans minne!

-styret-